# ÅRSMELDING 2020 FOR OSTERFJORDEN SOKNERÅD.

**Soknerådsmedlemmer**

| | |
|---|---|
| Geir Ove Hopsdal | leiar |
| Jahn Tommy Midtgård | nestleiar |
| Terje Romarheim | |
| Odd Molvik | |
| Tone Røyndal Kaalaas | |
| Alf Magnar Angelskår | representant i Alver kyrkjeleg fellesråd |
| Ole Einar Eide Eidsheim | |
| Anne Berit Eknes | kasserar |
| Torbjørn Aamli | geistleg medlem |

**Varamedlemmer**

| | |
|---|---|
| Sverre Solberg | |
| Anders Bjarne Stusdal | |
| Knut Fyllingsnes | |
| Anne Marie Molvik | |
| Helge Eidsheim | |
| Ole Marton Ølberg | geistleg varamedlem |

**Samansetjing av arbeidsutvalet:**

Geir Ove Hopsdal
Jahn Tommy Midtgård
Alf Magnar Angelskår
Torbjørn Aamli

Arbeidsutvalet har ikkje varamedlemmer.

Sekretær på kyrkjekontoret, Sonja Molvik møter på AU møta, utarbeider innkalling, møter på soknerådsmøta som sekretær, og skriv referat frå møta.
Dette er ein ny ordning frå 2020 med betalt sekretærhjelp i soknerådet.

**Medlem i Alver kyrkjelege fellesråd:**

Alf Magnar Angelskår
Tone Røyndal Kaalaas (Vara)

Soknerådet har gjennomført 8 møter i 2020
Arbeidsutvalet har hatt møte framfor soknerådsmøta. Der har AU sett opp sakliste til soknerådsmøta, førebudd saker, og avgjort saker AU har fått fullmakt til å avgjera.

**Stab/personell:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest | Torbjørn Aamli |
| Kantor: | Boris Kuprijanov |
| Sekretær: | Sonja Molvik |
| Kateket: | Bjørn Nygård |
| Trusopplæringsmedarbeidar | Ragnhild Minde Romarheim (Vikariat) |
| Dagleg leiar | Anne Sofie Uthaug |
| Kyrkjetenarteam i LKF | Marit Irene Færøy<br>Bjørn Furukawa<br>Anna G Trzaskowsk |
| Kyrkjenarar/reinhaldar Vike | Kjell og Marit Larsson |

**Frivillige klokkarar**

Klokkartenesta har vorte utført av frivillige i heile Osterfjorden sokn.

## **Statistikk** STATISTIKK - Nøkkeltal for Osterfjorden sokn 2015-2020[1].

| **År** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt tal gudst* Inkludert Ostertun | 62 | 59 | 52 | 57 | 62 | 48 |
| Oppmøte alle gudstenester | 3849 | 3870 | 3408 | 3728 | 4170 | 2030 |
| Tal gudst søn- og helligd. | 51 | 50 | 42 | 45 | 48 | 41 |
| Oppmøte gt søn-helligd | 3215 | 3069 | 2827 | 3034 | 3345 | 1704 |
| Gj.snitt oppmøte s-hd | 63 | 61 | 67 | 67 | 70 | 41 |
| Tal nattv-gudst (alle) | 34 | 31 | 26 | 29 | 33 | 21 |
| Deltakarar nattverd | 1051 | 883 | 738 | 952 | 1008 | 748 |
| Delt. skulegudstenester | 374 | 450 | 361 | 388 | 423 | 0 |
| Tal julaftangudstenester | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 5 |
| Oppmøte julaftan | 318 | 324 | 414 | 416 | 428 | 173 |
| Offer totalt | 180 982 | 171 449 | 126 551 | 148 889 | 167 810 | 117397 |
| Offer eiga verksemnd | | | 21 748 | 42 577 | 46 967 | 34545 |
| Innsamlingar, basar mm | 26 189 | 29 620 | 98 257 | 59 360 | 11 270 | 0 |
| Gjevarteneste | 10 000 | 10 500 | 6400 | 6000 | 6000 | 6000 |

**Kommentaren til statistikken for 2019 frå soknepresten:**

- Vi merka oss ei auke i talet på frammøtte til gudsteneste i 2018 og 2019. I eit 5-års perspektiv ser vi at vi no er litt over tala for 2015. Vi bør likevel ikkje sjå for mykje på prosenten i auke, for auka tal på gudstenester er ei delforklaring. Det er likevel ei gledeleg auke og om vi justerer for dette.
- Det er og ei forsiktig auke i snitt per gudsteneste. Snittalet på 70 er ikkje eit «typisk» tal. Justerer vi for julaftan og konfirmasjonar, må vi vel rekne om lag 10 lågare. Men det er like fullt ei auke!
- Talet på nattverdgjester har og auka dei to siste åra. Det skuldast og til ein viss grad at talet på gudstenester med nattverd har auka. Men vi gler oss over fleire høve til nattverd!
- Aller mest dramatisk auke har Vike kyrkje. Her har vi i 2019 hatt heile 9 gudstenester. Å redusere til 5 gudstenester per år gjorde at folk mista regulariteten. I tidlegare år var det særs stor frammøteprosent. Vi er enno ikkje attende der vi var, men det er framgang.

**Kommentaren til statistikken for 2020:**

- Vi merkar oss at året 2020 er dramatisk annleis, grunna Korona-pandemien. Nedgangen i talet på gudstenester skuldast Korona-nedstigning. Nedgangen i talet på oppmøtet skuldast dels restriksjonane, men i Osterfjorden skuldast det og at folk har vore forsiktige. Nokon finn det unaturleg eller vanskeleg å melde seg på. Nokon vil ikkje ta plassen frå andre. Mange eldre har funne det tryggast å vere heime. Det er heller ikkje enkelt å møte t.d. på ein julaftan med barn, som har vanskeleg for å sitje i ro på tilviste plass.
- Gudstenestene blei avlyste frå 13. mars til etter 17. mai. Så blei det korte gudstenester, av og til to på rad.
- Det har blitt ein del dåpsgudstenester, dels når gudstenester har vore avlyste og dels for ikkje å ha for mange til stades på gudstenestene.
- I november kom ny nedstenging, og skulegudstenester og lysmesser blei avlyste.
- Det blei påmelding til gudstenestene julaftan og juledag. I Storstova på Leiknes skule julaftan var det to gonger 50 til stades + medverkande. På dei tre gudstenestene julaftan i Ostereidet, var det plass til mange fleir.
- Juledag var det berre 10 + medverkande til stades.
- Positivt er det at vi var nærverande.
- Det er og positivt at vi hadde nokre andaktar og gudstenester produsert digitalt, med mange sjåarar. Vi har fått mange positive tilbakemeldingar på desse.
- Så blir det spanande å sjå om nye vaner får negativ verknad på lang sikt og når vaksineringa er gjennomført, og vi kan få meir normale tilhøve. Vi håpar at folk set fellesskapet i kyrkjelyden så høgt at det blir prioritert.

## Kyrkjelege handlingar i Osterfjorden sokn

| År | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| Dåp (døypte busette i soknet i parentes) | 43 (32) | 26 (17) | 31 (21) | 27 (21) | 34 (29) |
| Konfirmerte | 32 | 34 | 24 | 37 | 31 |
| Vigsler | 6 | 6 | 6 | 6 | 4 |
| Gravferder | 28 | 24 | 22 | 29 | 22 |

- 
- 

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dåp (døypte busette i soknet i parentes) | 26 (21) | 20 (16) | 21 (18) | 18 (11) | 21 (?) | 22 (?) |
| Konfirmerte | 30 | 29 | 26 | 25 | 24 | 31 |
| Vigsler | 1 | 6 | 7 | 4 | 2 | 3 |
| Gravferder | 22 | 17 | 20 | 16 | 13 | 21 |

*Dåp av born busett i Osterfjorden, som vart døypte i andre sokn, er ikkje registrert her, men vi veit det er fleire.*

**Andre trekk:**

- Det har vore i jamt god utvikling i kyrkjelydsarbeidet siste åra, men Korona-pandemien har prega verksemda i stor grad i dette året (2020).
- Det som har fungert rimeleg normalt, har vore staben i Osterfjorden sokn. Vi har hatt regelmessige stabsmøte. Fysiske møte med god avstand når det har vore mogleg, og på TEAMS når det har vore naudsynt.
- Sokneрådet og Arbeidsutvalet for sokneråda har hatt sine møte, som oftast fysiske møte.
- Gravferder har blitt gjennomførte, med stort fokus på smittevern og godt samarbeid med gravferdsbyråa. Det har tidvis vore så få som fekk møte, at det var ei påkjenning. Med talet 50 er situasjonen betre. Streaming har blitt relativt vanleg.
- Kyrkjebladet har kome ut etter planen.
- Det har vore utallige møte med fokus på smittevern
- Vi har produsert nokre gudstenester og andaktar digitalt, og lagt ut på heimeside, Facebook / Youtube.

# Oppmøte gudstenester 2015-2020




**TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET**

## TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET

**KONSERTAR OG ARRANGEMENT**

Osterklang  har delteke på nokre  få gudstenester i 2020. På grunn av pandemien har det vore færre gonger enn tidlegare år.

Det har og vore få konserter / arrangement av same grunn

Te Deum hadde ein allsangkveld, i februar, og  Johnny Cash gudsteneste i mars.

**FRIVILLIG ARBEID**

- Jungelgjengen (søndagsskulen på Hjelmås annakvar tysdag)
- Ungdomsklubben i kyrkjekjellaren på Ostereidet - fredagskafeen «FRI». Natteravnar patruljerer i nærområdet klubbkveldane
- Ostereidet Soul Children
- Vaksenkoret Te Deum
- Vaksenkoret Osterklang
- Forsangargruppe: Hjelmås
- Osterfjorden pensjonistlag
- Bøn og lovsong, på Ostereidet.
- Kyrkjevertordning på Ostereidet og Hjelmås.
- Kyrkjegløtten.
- Sokneutval
- Kyrkjekaffiordning på Ostereidet, Hjelmås og Vike
- Småbarnstrall i Hjelmås kapell
- Søndagsskule på Ostereidet – "Sprell levande"
- Strikkekafe i Ostereidet kyrkje
- Lørdagskafe i Borgstova på Vike

**Diakoni:**
Arbeid for psykisk utviklingshemma, samarbeidsprosjekt i Knarvik kyrkje første måndag i månaden.
Klubb for eldre på Ostertun
Besøksteneste i samarbeid med Røde Kors

Mange frivillige gjer teneste i kyrkjelyden. Soknerådet ser at utan desse frivillige ville ein stor del av kyrkjelyden sitt arbeid vore umogleg.

**Kyrkjegløtten kom ut med 4 nr. dette året.**
Dette er eit samarbeid med Meland , Alversund, Seim og Lygra. Bladet heiter framleis Kyrkjegløtten, men me har nokre sider som er felles .Me har og felles redaktør .
Bladet gjekk med eit bra overskot dette året.

**Fjon fjellkyrkje.**
Fjon fjellkyrkje er bygd og eigd av sokna i Nordhordland prosti.
Kvart sokn har ein representant i rådet. Sverre Solberg er Osterfjorden sin representant.

Soknerådet sin visjon: Viser til §9 i kyrkjelova
«Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød

---

**NOKRE SAKER SOKNERÅDET HAR BEHANDLA I 2020**
Arbeidet i soknerådet har gått sin gang også i 2020. Dei fleste møta har me klart å holde på tross av alle restriksjonane som har vore.
Soknerådet har vedtatt å avstå grunn til fortau forbi Hjelmås kapell.
På sikt skal det byggast fortau ned mot Hillesvåg. Vegen vert snevra inn nokre plasser. Dette gjer at ein ikkje lenger kan parkere langs vegen, og behovet for meir parkeringsareal vert aktuelt.
Soknerådet jobbar med å få kjøpt nytt areal ved Hjelmås kapell til ny parkeringsplass. Kjøpet vert betalt av soknet. Mykje midlar har kome inn ved sponsing frå bedrifter i nærområdet.

Bygdelaget og soknerådet har starta arbeidet med å få flytta bautaen (minnesmerket over falne i 2.verdenskrig) som står på Høgda , til ein meir sentral plass. Eit alternativ er ved Ostereidet kyrkje.
Soknerådet la ned eit godt arbeid i å planlegge Visitasen som skulle ha vore i desember. På grunn av Koronapandemien vart Visitasen utsett til 2021.
Soknerådet har også starta på arbeidet med å få til ei gjevartenesta i soknet. Me har tidlegare hatt ei stor gjevarteneste i soknet, og vonar å få dette til igjen.

Geir Ove Hopsdal
leiar